Til medlemmer i Ørsta/Volda Pistolklubb

21.02.2023

# Sakliste og saksdokumenter for årsmøte i Ørsta/Volda Pistolklubb 2023

Styret viser til innkalling til årsmøte av 14.02.2023

Årsmøtet avholdes den tirsdag 07.03.2023 på Skytebanen, Ørsta Kulturhus.

**Under følger saklisten for årsmøtet:**

Sak 1: Godkjenne de stemmeberettigede medlemmene
Sak 2: Velge dirigent
Sak 3: Velge protokollfører
Sak 4: Velge to medlemmer til å underskrive protokollen
Sak 5: Godkjenne forretningsorden
Sak 6: Godkjenne innkallingen
Sak 7: Godkjenne saklisten
Sak 8: Behandle idrettslagets årsberetning, herunder eventuelle gruppeårsmeldinger
Sak 9: Behandle
Sak 9.1 Regnskap
Sak 9.2 Styrets økonomiske beretning
Sak 9.3 Behandle kontrollutvalgets beretning
Sak 10: Behandle forslag og saker
10.1 Frå styret: Endring av §15 a.
10.2 Flytting av vendeskive anlegg frå kulturhuset til Sollidalen. (Styre forsl.)
10.3 Status kulturhusbana vs. Ny skyttarhall.
10.4 60 års jubileum.

Sak 11: Fastsette medlemskontingent.

- Styrets forslag til medlemskontingent.
  - Medlemskontingenten forblir uendret Kr. 1000,- pr. år
  - Sidemedlem Kr. 640,-
  - Ungdom/Junior Kr. 300,-
  - Svartkrutt Kr. 200,-
  - Æresmedlem Kr. 360,-

Sak 12: Vedta budsjett
Sak 13: Behandle organisasjonsplan
Sak 14: Foreta følgande val:
14.1 Styre:
*- formann på valg 2024*
- nestformann
- styremedlemmer 2 på valg (Kirsti Lillebø og Jarle Alsaker)
- varamedlem 1 på valg (Oddmund Brungott)

14.2 Kontrollutvalg:
- leder

- medlem

14.3 Representanter til ting og møter i de organisasjonsledd idrettslaget har representasjonsrett eller gi styret fullmakt til å oppnevne representantene

14.4 Valgkomité:

- leder Eirik Tjugen
- medlem 2024
- varamedlem 2024

Vedlagt følger følgende dokumenter:

- Styrets forslag til forretningsorden
- klubbens årsberetning.
- Regnskap i revidert stand
- Kontrollutvalgets beretning
- Styrets økonomiske beretning
- Forslag og saker, herunder eventuelle lovendringer
    - **Lovendring: § 15 b**
      Endre frå: «4 styremedlemmar og 2 varamedlemmar»
      Til: «2 styremedlemmar og 1 varamedlem»
- Styrets forslag til medlemskontingent.
    - Medlemskontingenten forblir uendret Kr. 1000,- pr. år
    - Sidemedlem Kr. 640,-
    - Ungdom/Junior Kr. 300,-
    - Svartkrutt Kr. 200,-
    - Æresmedlem Kr. 360,-

- Styrets forslag til budsjett
- Styrets forslag til organisasjonsplan
- Valgkomiteens innstilling
- Styrets innstilling til ny valgkomité

Ved spørsmål om årsmøtet, kan Ørsta/Volda Pistolklubb kontaktes på 979 55 894 eller formann@ovpk.org

Med vennlig hilsen
styret

# Organisasjonsplan for Ørsta/Volda Pistolklubb

Vedteken på årsmøtet 16. februar 2018
Omsett til nynorsk i 2016
Sist oppdatert 7.2.2018

# Innhaldsliste

**Innhaldsliste** ........ **2**
**Innleiing** ........ **3**
**Grunnlagsopplysningar for idrettslaget** ........ **3**
**Historie** ........ **3**
**Idrettslaget sitt formål** ........ **3**
**Handlingsplan** ........ **4**
**Idrettslaget sin organisasjon** ........ **5**
*Årsmøtet* ........ *5*
*Hovudstyret* ........ *5*
*Revisor* ........ *6*
*Valkomité* ........ *7*
*Feltskyting* ........ *7*
*Baneskyting* ........ *7*
*Svartkrutt* ........ *7*
**Medlemmar** ........ **8**
**Aktivitet** ........ **8**
*Sikkerheitsreglar* ........ *8*
**Anlegg** ........ **8**
**Arrangement** ........ **9**
**Informasjon** ........ **9**
**Økonomi** ........ **9**
*Rekneskap* ........ *9*
*Medlemskontingent* ........ *9*
*Kiosk* ........ *10*
*Betaling av rekningar i nettbank* ........ *10*
*Kontantar inn og ut frå kasse* ........ *10*
**Økonomisk svik/varslingsplikt** ........ **10**
*Politiattest* ........ *10*
*Dugnad* ........ *11*

# Innleiing

Dette dokumentet viser det som er vedteke av årsmøte og styre i klubben. Organisasjonsplanen er eit levende dokument som ein kan endre mellom årsmøta.

# Grunnlagsopplysningar for idrettslaget

Namn: Ørsta/Volda Pistolklubb Stifta: 16.12.1963
Idrett: Skyting med handvåpen Postadresse: Postboks
348, 6151 Ørsta E-postadresse: formann@ovpk.org

Bankar:
Sparebank1 Søre Sunnmøre, bankkonto: 3992 30 56835
Sparebanken Møre, bankkonto: 3910 53 89861

Internettadresse: www.ovpk.org
Organisasjonsnummer i Brønnøysundregisteret: 993 813 230
Anleggsadresse: Ørsta kulturhus og Sollidalen Telefon: 979 55 894
Medlem i Norges idrettsforbund og olympiske og paralympiske komité/NIF: *Ja*
Registrert knytt til Møre og Romsdal idrettskrets
Registrert knytt til Ørsta idrettsråd
Registrert knytt til Norges Skytterforbund
Registrert knytt til Møre og Romsdal skyttarkrets
Klubbnummer i NIFs medlemsregister: 26074
Månad for årsmøte: Før utgangen av mars

# Historie

Ørsta/Volda Pistolklubb blei stifta den 16. desember 1963. Klubben har skytebane i Sollidalen og i Ørsta kulturhus.

# Idrettslaget sitt formål

Ørsta/Volda Pistolklubb skal vere ein open og demokratisk organisasjon der målet er å drive idrett organisert i Norges idrettsforbund og olympiske og paralympiske komité (NIF).

Klubben skal bidra til at medlemmane kan drive med skyting på ein trygg måte, arrangere stemner, treningar, begynnarkurs, sikkerheitskurs og anna aktivitet innanfor pistolskyting.
Rekruttere nye medlemmar.

***Idretten sine verdier:***
***Fellesskap, Glede, Helse, Ærlighet***

# Handlingsplan

*Budsjettet for 2023 inneheld desse aktivitetane. KH=kulturhuset. SD=Pistolklubben sitt anlegg i Sollidalen.*

| Kva | Korleis | Kven | Tidsfrist | Resultat |
|---|---|---|---|---|
| Overbygg konteiner i Sollidalen | Snekker / Dugnad | Feltgruppa / Alle medlemer | 30.9.2023 | |
| Flytting av vendskiver til Sollidalen | Dugnad | Feltgruppa /Alle medlemer | 30.09.2023 | |
| Kjøpe ny elektronikk til ødelagt skive, samt nye gummiband | | Banegruppa | 30.09.2023 | |
| Montere lysa på toppen av Kongsbergblinkane | Dugnad | Banegruppa | 30.09.2023 | |
| Arrangere feiring av 60 års jubileum | Dugnad | Styre / Feltgruppa | 30.05.2023 | |
| Kjøpe nye pålar og lekter til feltløypa Monering | Dugnad | Feltgruppa / Alle medlemmer | 30.05.2023 | |
| | | | | |
| | | | | |
| | | | | |

## Innleiing

*Dette dokumentet viser det som er vedteke av årsmøte og styre i klubben. Organisasjonsplanen er eit levende dokument som ein kan endre mellom årsmøta.*

## Grunnlagsopplysningar for idrettslaget

*Namn: Ørsta/Volda Pistolklubb Stifta:*
*16.12.1963*
*Idrett: Skyting med handvåpen Postadresse:*
*Postboks 348, 6151 Ørsta E-postadresse:*
*formann@ovpk.org*

*Bankar:*
*Sparebank1 Søre Sunnmøre, bankkonto: 3992 30 56835*
*Sparebanken Møre, bankkonto: 3910 53 89861*

*Internettadresse: www.ovpk.org*
*Organisasjonsnummer i Brønnøysundregisteret: 993 813 230*
*Anleggsadresse: Ørsta kulturhus og Sollidalen*
*Telefon:*
*Medlem i Norges idrettsforbund og olympiske og paralympiske komite/NIF: Ja Registrert knytt til Møre og Romsdal idrettskrets*
*Registrert knytt til Ørsta idrettsråd Registrert knytt til Norges Skytterforbund*
*Registrert knytt til Møre og Romsdal skyttarkrets Klubbnummer i NIFs medlemsregister: 26074*
*Månad for årsmøte: Før utgangen av mars*

*Idrettslaget sin organisasjon*

***Organisasjonskart:***




## ***Årsmøtet***

- Årsmøtet er for medlemmar i klubben, det betyr dei som har betalt medlemskontingent. Nyinnmelde medlemmar, som ikkje har motteke krav om medlemskontingent, har ikkje stemmerett på årsmøtet. Foreldre/føresette har ikkje fullmakt til å stemme for medlemmar under 15 år

.

- Årsmøtet legg grunnlaget for styret sitt arbeid og alle som vil vere med å bestemme korleis klubben skal drivast bør stille på årsmøtet.

# Hovudstyret

*Styret består av desse tillitsvalde rollene:*

- Leiar
- Nestleiar
- Kasserar
- Sekretær
- Tre styremedlemar
- To varamedlemar

*Årsmøtet bestemmer kven som skal ha rollene.*

Styret skal:

- planlegge og ivareta laget sin totale drift, blant anna mål- og strategiarbeid, budsjett og rekneskap og oppgåvene i § 1 NIF sine lover og lovnorm for idrettslag. Styret har ansvar for at det er laga retningsliner for aktiviteten i klubben.
- starte det årsmøte eller andre overordna idrettsmyndigheiter har bestemt
- stå for laget sin daglige drift og representere laget overfor andre.
- disponere laget sine inntekter og fordele dei etter plan og godkjend budsjett.
- peike ut komitear og utval etter behov og utarbeide instruks for dei.
- hovudstyret er juridisk ansvarlig for laget sin økonomi.
- hovudstyret er ansvarlig for å sette opp budsjett før årsmøtet.
- alle innkjøp skal godkjennast av leiar.
- alle fakturaer skal attesterast av den som har bestilt/motteke varen og kasserar.
- det skal kjøpast underslagforsikring for dei som disponerer kontoar.

Leiar

- er klubben sitt ansikt utetter og klubben sin representant i møter og forhandlingar
- står for klubben sin daglege leiing, koordinerer styret og klubben sin totale aktivitet
- førebur saker, kallar inn til styremøter og leie møter
- skal godkjenne utbetalingar saman med kasserar
- skal sjå til at val, adresseendringar, oppgåver over medlemmer o.a. som det er interesse for/skal sendast inn til krets og forbund, blir meldt til overordna instansar innan gitte fristar.
- skal skrive årsmeldinga som blir lagt frem for årsmøtet.

Nestleiar

- fungere som leiar når denne er vekk, og bør derfor vere vald med mål at han/ho kan rykke opp som leiar på eit seinare tidspunkt.
- hjelpe leiar og vere eit leiarteam med denne.
- har elles definerte oppgåver på same måte som eit ordinært styremedlem

Sekretær

- blir utpeika av styret.
- fører referat over alle styremøter og medlemsmøter. Skal distribuere referata til alle styremedlemmane og varamedlemmane.
- tek seg av utgåande post, distribuerer inngåande post til rett person og tilføyingar til arkivet.
- lagar møteplan saman med styret og distribuerer planen til alle styremedlemmer.
- oppdaterer medlemsregistret og har ansvar for inn og utmeldingar.

Kasserar

- disponerer laget sine pengar og har fullmakt til klubben sine bankkontoar.
- har kjennskap til kontoplan og fører rekneskap etter den
- godkjenner utbetalingar saman med leiar.
- har til ei kvar tid oversikt over laget sin økonomiske situasjon og fyl opp denne.
- set opp resultat- og balanserekneskap ved årsslutt og ser til at det blir revidert til årsmøtet.
- betalar ut premiering til eksterne klubbar og eigne medlemmar etter premielister.
- er ansvarleg for å fakturere ut medlemskontingenten og følgje opp innbetalingar.

Styremedlem
- møter på styremøter.
- kan tildelast konkrete oppgåver etter styret sine vedtak.
- kan være vald til spesielle oppgåver, som f.eks. informasjon/web, sosialt-ansvarleg, materialforvaltar, våpenansvarleg o.l.

Generelt
Det er viktig med rett arbeidsfordeling for å syte for både drift og utvikling. Tenk også heile tida på om lubben er maksimalt operativ.

## *Revisor*

Revisor består av to tillitsvalde medlemar.

Revisor skal vurdere om årsrekneskapet er utarbeidd og fastsatt i samsvar med idretten sine rekneskaps- og revisjonsreglar og om organisasjonsleddet sitt styre har oppfylt sin plikt til å sjå til at det er ordentlig og oversiktlig registrering og dokumentasjon av rekneskapsopplysningar.

## *Valkomité*

Valkomiteen består av
- leiar
- to medlemar
- varamedlem

Valkomiteen har ein av dei viktigaste oppgåvene i klubben. Medlemane har ansvaret for å sikre drift og funksjonell utvikling av klubben gjennom å rekruttere personar med rett kompetanse til styret etter nøye vurdering av medlemsmassen. Ikkje minst motivere medlemar til å ta ansvar.

Valkomiteen pliktar:
- å vurdere styret og komiteen sin aktivitet,
- å diskutere med styret om eventuelle endringar i styret sin samansetning,
- å halde seg informert om og diskutere med medlemane om ulike kandidatar for styreoppdrag og slik få vite om enkeltpersonar har kunnskap, tid og interesse for oppdraget,
- å gjennomgå for styret og medlemmane kva forandringar / forslag som kjem til å bli foreslått,
- ved behov å foreslå for styret at kandidatar får relevant utdanning for påtenkte oppdrag,
- før årsmøtet, på det tidspunkt vedtektene bestemmer, gi skriftleg forslag som skal leggast fram for medlemane på årsmøtet,
- under årsmøtet: presentere valkomiteen sitt forslag.

## *Gruppene*

Leiarar for kvar gruppe blir vald på årsmøtet. Leiarane må sørgje for at styret mottek all relevant informasjon frå gruppene.

## *Feltskyting*

Gruppa er ansvarleg for
- drift og vedlikehald av anlegget i Sollidalen
- å utarbeide ein plan for dugnadsarbeid og vedlikehald som må utførast i løpet av det komande året
- innkjøp av skivemateriell, kioskvarer og andre nødvendige varer
- planlegge og arrangere terminfesta feltkonkurransar

## *Baneskyting*

Gruppa er ansvarleg for

- drift og vedlikehald av anlegget i Ørsta kulturhus
- å utarbeide ein plan for dugnadsarbeid og vedlikehald som må utførast i løpet av det komande året
- innkjøp av skivemateriell, kioskvarer og andre nødvendige varer
- planlegge og arrangere terminfesta banekonkurransar.

## *Svartkrutt*

Gruppa er ansvarleg for

- nødvendig dugnadsarbeid før svartkrutt stemna,
- innkjøp av skivemateriell og andre nødvendige varer.
- planlegge og arrangere terminfesta konkurransar.
- planlegge og arrangere klubbinterne øvingskveldar/konkurransar.

## *Metallsilhuettgruppa*

Gruppa er ansvarleg for

- nødvendig dugnadsarbeid før Metallsilhuett stemna,
- innkjøp av skivemateriell og andre nødvendige varer.
- planlegge og arrangere terminfesta konkurransar.
- planlegge og arrangere klubbinterne øvingskveldar/konkurransar.

# Medlemmar

Medlemskap i Ørsta/Volda Pistolklubb er først gyldig og blir rekna frå den dag kontingent er betalt.

Medlemskap kan avsluttast ved utmelding, stryking eller eksklusjon. Utmelding skal skje skriftlig og får effekt frå den er motteken.

Medlem som skuldar kontingent for meir enn eit år, kan bli fjerna frå medlemsregisteret. Medlem som blir fjerna slik, kan ikkje takast inn som medlem igjen før skuldig kontingent er betalt. Dersom ein medlem skuldar kontingent for to år, skal medlemsskapet avsluttast ved stryking frå idrettslaget sin side.

Nye medlemar i pistolklubben må oppfylle eit av desse to kriteria:

- Kan dokumentere fullført sikkerheitskurs for pistolskyting frå pistolklubb
- Har våpenkort på handvåpen etter stadfesting frå pistolklubb og har delteke på ØVPK sitt oppfriskingskurs for nye medlemar.

Krav om medlemskontingent blir sendt ut frå klubben sin hovudkasserar, ingen undergrupper sender ut egne rekningar.
Klubben har forsikring som dekkjer skade som oppstår under organisert pistolskyting med nokre atterhald. Forsikringa gjeld berre for medlemar av klubben.
Ørsta/Volda Pistolklubb nyttar NIF sitt medlemsregister.

# Aktivitet
I sommarhalvåret er medlemane aktive i bruken av klubben sin skytebane i Sollidalen og det er organiserte skyteøvingar og konkurransar ved bana.

Frå september/oktober til april/mai blir det arrangert skyteøvingar og konkurransar ved klubben sin bane på Ørsta kulturhus. Her deltek mange medlemar i den interne konkurransen Vintercupen.

## *Sikkerheitsreglar*
Våre sikkerheitsreglar er slått opp på våre baner og skal etterlevast på alle baner, alle arrangement, alle treningar, enten organisert eller uorganisert.

# Anlegg
Ørsta/Volda Pistolklubb eig skytelokalet i Sollidalen og leiger skytebane saman med Hovdebygda og Ørsta skyttarlag i kjellaren av Ørsta kulturhus. Styret kan leige ut baner i deler av den opne tida.

Bana i Sollidalen er open for klubben sine medlemmer heile året med unntak av heilagdagane 1. nyttårsdag, 1. påskedag, 1. pinsedag og 1. juledag. Øvingstider blir offentleggjort på klubben sin nettside og i gruppa på Facebook. Ansvarleg for oppsetting av øvingar er feltgruppa. Skyteanlegget i Sollidalen blir administrert av Sollidalsstyret. Formannen og ein person til frå ØVPK deltek i slike møter.

# Arrangement
Ørsta/Volda Pistolklubb arrangerer feltstemne i Sollidalen etter NSF sin terminliste. Normalt er klubben sitt første feltstemne på Kristi Himmelfartsdag. Seinare på sumaren skal det normalt arrangerast fleire feltstemner. På vinteren arrangerer klubben banestemner i Ørsta kulturhus. For at slike arrangement skal fungere, må klubben sine medlemmer bidra med dugnadsinnsats både før og under stemna.

# Informasjon
Idrettslaget gir informasjon til medlemmane via nettsida med adresse: ovpk.org og gruppa «Ørsta/Volda Pistolklubb» på Facebook.

# Økonomi

## *Rekneskap*
Hovudstyret er ansvarleg for økonomien i klubben, ikkje gruppeleiarar eller andre i klubben.

Alle inn og utbetalingar skal gå gjennom klubben sin konto, det er ikkje lov å sette pengar som høyrer til klubben inn på personlege kontoar.

Ein skal levere reiserekning/utleggskjema med kvitteringar for å få igjen det ein har lagt ut. Klubben fyl statens reglement for godtgjering av kostnadar ved pålagde reiser.

## *Medlemskontingent*
Medlemskontingenten blir fastsett på årsmøtet som ei eiga sak. Medlemskontingent skal betalast for kvar enkelt medlem. Dette fordi revisor skal kontrollere medlemslister mot rekneskap.
Eksempel på medlemskontingentar i 2022:

Hovudmedlem: 1000,-
Sidemedlem: 640,- (klubbandelen)
Ungdom/junior: 300 kr
Æresmedlem: 360,-
*Kretskontingenten: 60 kr*
*Forbundskontingenten: 300 kr*

Svartkrutt 200 kr i tillegg.

**Innkrevjingsrutinar:**
Faktura blir sende ut etter årsmøtet. Første purring nokre dagar etter forfall. 31.12 kan Klubben kan stryke medlemar som ikkje har betalt. Når ein medlem har to ubetalte krav om medlemskontingent, skal klubben stryke medlemskapet.

## *Kiosk*
Ørsta/Volda Pistolklubb lager normalt til kiosk ved stemner. Ansvar for kiosken ligger på gruppa som arrangerer stemnet. Kioskkassa skal teljast etter kvar dag og spesifiserast i eit billag «Sal av kioskvarer», dato, beløp, namn og underskrift. Billag og kontantar skal leggjast i kontantkassa.

.

## *Betaling av rekningar i nettbank*
For å ha ein viss internkontroll med bankkontoane skal:

- fakturaer over kr 10.000,- og alle utbetalingar til privatpersonar godkjennast av 2 personar frå styret, normalt kasserar og formann.
- faktura under kr 10.000,- til firma med organisasjonsnummer kan betalast ut utan ekstra godkjenning.

## *Kontantar inn og ut frå kasse*
Sal av ammunisjon skjer kontant til vi har fått på plass ei enkel løysing for kortbetaling. Sal skal spesifiserast med dato, namn, tal på skot og beløp. Opplysningane skal førast inn i eiga ammunisjonsbok og kontantane skal leggast i kassa.

Uttak frå kassa skal dokumenterast:

- Uttak frå kasse for å setje inn i banken skal teljast opp på eige skjema og i tillegg spesifiserast med beløp bak i ammunisjonsboka. Kvittering frå innskotsautomat skal festast til skjemaet og leverast kasserar.

- Uttak frå kasse for refusjon av utlegg skal dokumenterast ved original kvittering. På kvitteringa skal det skrivast beløp som er teke ut frå kassa, kva varene er brukt til, namn og underskrift.

## Økonomisk svik/varslingsplikt
Styret har vedteke internkontroll med sikte på å redusere faren for at nokon i klubben blir freista til å ta pengar eller verdiar frå klubben.

# *Politiattest*

Politiattest skal krevjast frå personar som skal utføre oppgåver for idrettslaget som inneber eit tillits- eller ansvarsforhold overfor mindreårige eller menneske med utviklingshemming. Med mindreårige meinast barn og unge under 18 år. Personar under 18 år skal også vise politiattest. Den nedre grense er 15 år.

**Kva skal idrettslaget gjere?**

- Styret sin representant skal krevje å få sjå politiattest for alle tilsette og frivillige som skal utføre oppgåver for idrettslaget som gir dei eit tillits- eller ansvarsforhold overfor mindreårige eller menneske med utviklingshemming.
- Styret er ansvarleg for å utpeike ein person som er ansvarlig for å handtere ordninga med politiattest i idrettslaget. Det skal også utpeikast ein vararepresentant.
- Styret må informere om ordninga på idrettslaget sin heimeside. Der skal også namn og kontaktinfo på personane som skal handtere ordninga i idrettslaget stå.
- Idrettslaget må fastsette kva oppgåver og kva personar som er omfatta av ordninga.
- Den ansvarlege i klubben skal informere aktuelle personar om at dei må ha politiattest.
- Den ansvarlege i klubben skal sende inn søknad om politiattest til politiet. Søknaden må underskrivast av søkjaren og av den ansvarlege i klubben. Attesten blir send frå politiet til den enkelte søkjar.
- Alle som skal ha politiattest må vise attesten for den ansvarlege.

- Den ansvarlege skal lagre opplysningar om kven som skal vise politiattest, at attesten er vist og dato for visninga. Attesten skal søkjaren behalde.
- Idrettslaget skal ikkje gi oppgåver som medfører eit tillits- eller ansvarsforhold overfor mindreårige eller menneske med utviklingshemming til personar som ikkje har viset politiattest eller som har merknadar på attesten
.
- Idrettslaget kan når som helst kontakte NIF for råd og vegleiing i slike saker på telefon 800 30 630 eller på e-post til politiattest@idrettsforbundet.no.

# *Dugnad*

Alle idrettslag også Ørsta/Volda Pistolklubb er avhengige av at medlemane stiller opp på dugnad.